



Mykje står att hvis kyrkja skal bli oppmåla til jubileet

Det har vekt tildels sterke reaksjonar at kyrkja i Uskedalen kanskje ikkje blir måla og rusta opp til 100-årsjubileet i 2014 og Uskedal Trelastlager har reagert med å lova gratis utvendig måling, Medlem av soknerådet Hans Reidar Kjærland reagerar med forslag om omprioritering av kommunale midlar

Kjærland kjem med ei oppmoding til Uskedalen Utvikling som skal ha styremøte i kveld. Han meiner UU bør ta initiativ slik at summen på 250 000 som er planlagt nytta til ein sentrumsplan heller blir nytta til kyrkja som eit meir prioritert føremål.

Han har hatt kontakt med kyrkjevergen og fått opplyst at det som bør gjerast med kyrkja vil kosta rundt rekna 300 000 kroner.

Utvendig måling er starta ved eit spesialfirma frå Odda, men mykje står att og innvendig er det førebels ikkje gjort noko.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen